

Til

Hjelpekorps

Politidistrikt

Redningsetatar

Forsvaret?

Øvingsplan i tråd med Miljøverndepartementet (31.01.13) sine Retningslinjer om redningstenesta sin bruk av snøskuter i utmark og i verneområde.

Miljøverndepartementet har utarbeidd retningslinjer for redningstenesta sin bruk av snøskuter i utmark og verneområde. I retningslinjene er det, for øvingar både utanfor og innanfor verneområda, stilt krav om øvingsplan godkjend av politimeistaren.

For forvaltingsstyresmakta er det viktig å sjå verneområda under eitt. Det er derfor viktig at politimeistaren i det enkelte politidistrikt samordnar øvingsverksemda slik at motorferdsla ikkje får eit unødvendig stor omfang. Vidare må politimeistaren leggje vekt på at øvingar skal leggjast til plassar utanfor verneområda. Det er berre i heilt spesielle tilfelle som gjeld kjentmannskøyring eller førebyggjande aktivitet at øvingar kan gjennomførast innanfor verneområda. Her må ein også merkje seg at det for enkelte føremål er krav om køyreordre frå politimeistaren.

Vi har etter dette utarbeidd ein mal for øvingsplan slik at innhaldet i planen blir i tråd med Miljøverndepartementet sine retningslinjer. Vi ber om at hjelpekorps og redningsetatar nyttar denne malen som grunnlag for søknad om motorferdsel i våre verneområde.

Vi bistår gjerne i arbeidet med øvingsplanen, anten på telefon, via e-post eller i eigne møte med partane.

Vi sett ein frist for innsending av øvingsplan/søknad om motorferdsel til 01.10.13, og legg elles til grunn at det må gjerast ei årleg rullering av øvingsplanen.

Med helsing

.....

Kopi til:

Kommunane

Administrativt utval